

Kystsoge vekene

12. august til 17. september 2006



*Den største
kystkulturmonstringa i Noreg*

Stiftinga Kystsogevekene

Kystkultur -
tradisjon og utvikling...



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE

Vel møtt til Kystsogevekene 2006!



Kystsogevekene representerer eit samarbeid mellom 20 kommunar, Hordaland Fylkeskommune og Hordaland Reiseliv, og det er STIFTINGA KYTSOGEVEKENE som koordinerer samarbeidet og som utarbeider programmet.

STIFTINGA sitt føremål er å stimulere, verke som pådrivar, vere fagleg instans og koordinator av årlege Kystsogeveker i Hordaland og Gulen.

Den viktigaste jobben gjer dei mange aktørane og 100-vis av lokale/kommunale dognadsarbeidarar som år etter år entusiastisk arbeider med tilrettelegging og gjennomføring av denne imponerande mönstringa.

Gjennom dette imponerande arbeidet vert det vist eit utval av mangfaldet i den varierte kystkulturen. Impulsar og inntrykk vert samla og ført vidare, og på denne måten medverkar Kystsogevekene til ei vidareutvikling av kystkulturen.

I perioden 12. august – 17. september står kystkulturen i fokus, og i 2006 inneholder det rikhaldige programmet over 150 innslag. I det varierte og fyldige programmet trur vi det vil vere noko for ein kvar smak.

Gje deg tid til å kikke i programmet, og unn deg tid til å delta !

Vel møtt til Kystsogevekene 2006 !

STIFTINGA KYTSOGEVEKENE


Bjørn Myhren
Styreleiar

OFFISIELL OPNING AV KYTSOGEVEKENE 2006

I år opnar vi kystsogevekene i Fjell.
Merk deg laurdag 12. august!

Det vert båttur med *MS Bruvik* til Fjell, og opningshøgtid på Fjell festning. På Langøymarknaden vert det yrande liv. Dagen rundast av på Foldnes med grillfest og ungdomskonsert i amfiet, og nattkonsert i kyrkja.

Fjell – kystkultur gamalt og nytt.
Foto: Gudveig Lillebo



Program for opningsdagen:

Laurdag 12. august	mann i Oslo og Akershus Hans J. Røsjorde, Bergen Operakor, Fjell Brass	kanten og rykande ferske skillingsbollar god mat i kafeen og på bryggjekan- ten, husdyr, m.v.
10.30 Guida fottur opp "Russarstigen" for dei som ønskjer å gå opp til fest- ninga. Start frå Fjell. Parkerig ved skulen.	14.00-16.00 Ope festnings- anlegg for publikum	20.00-01.00 Naustdans på LangøynaLangøy Kystkultursenter
11.00 Buss frå Tellnes skule til Fjell Festningfestning.	12.00-18.00 <i>Langøymarknaden, Langøy Kystkultursenter</i> - med marknad og underhalding. laurdag og søndag. To ilnhaldsrike marknadsda- gar med yrande folkeliv og litt av kvart for heile famili- en: Gamle båtar på sjøen, lokale handverkarar og kunstnarar i naust og butikk, god mat på brygge-	19.30-22.30 Ungdomskonsert med loka- le artistar, og grillfest i Foldnes amfi
12.00 Offisiell opning av Kystsogevekene 2006 på Fjell festning v/fylkes-		23.00-00.30 Nattkonsert i Foldnes kyrkje med Marianne Juvik Sæbø og lokale songarar og musi- karar.

Arr. i kommunane:	Dato august	Dato september
Gulen	27	3, 8, 9, 10
Masfjorden	20, 25	
Austrheim	12, 20	9
Radøy	12, 13, 20, 26, 28, 29, 30, 31	1, 2, 3, 8, 9, 10, 16
Fedje	19	3
Lindås	26, 27	10
Meland	26, 27	8
Osterøy	26	<i>Kulturdagar</i> 3. - 10.
Askøy		3, 7
Bergen	27	16
Os	26, 27	2, 10
Øygarden	27	1.- 3. <i>Vestkystfestival</i>
Fjell	12, 13, 20 26 ,27	1.- 3. <i>Vestkystfestival</i>
Sund	12, 27	1.- 3. <i>Vestkystfestival</i>
Austevoll	6, 19, 20	3, 7
Tysnes	12, 19	8, 7, 10
Fitjar		<i>Kulturdagar</i> 9. - 23.
Stord	17, 26, 27	2, 16
Bømlo	12, 19, 25, 26, 27, 29	1,2, 3, 6, 7
Sveio	13, 26, 27	2, 3, 6, 8, 9, 10

Sjå også www.kystsogevekene.no

Særskilte arrangement

Singel & Sand - sommar heile året!

Under Kystsogevekene vil Hordaland Teater turnere med ein kabaret med kjende og kjære slagere av Salhusvinskvetten og Ivar Medaas.

Singel & Sand vert sett opp på følgande stader:

- 17.08.** Stord Kulturhus på Stord, kl 19.30
ny dato Bømlo Kulturhus på Bremnes, kl 20.00
19.08. Hengjo i Bekkjarvik, Austevoll, kl 17.00 og kl 19.30
25.08. Nordbygda samfunnshus, Risnes i Masfjorden, kl 20.00
26.08. Osterøy ungdomskule i Lonevåg, kl 19.00
27.08. Fjellheim i Os, kl 19.00
02.09. Øygarden Kulturhus, Rong, kl 20.00
03.09. Fjell Kulturhus, Straume, kl 19.00
08.09. Nordhordland Folkehøgskule, Frekhaug i Meland, kl 19.30
09.09. Austrheim Samfunnshus, Årás, kl 18.00 og kl 21.00
- Sjå meir om forestillinga på www.hordalandteater.no



Frukt og folk med M/S Granvin til frå Hardanger til Bønder i Byn. På vegen stoppar ho på gamle stoppestader og sel av produkta. Desse stadane får fruktstopp under Kystsogevekene:
06.09. Førde i Sveio, **07.09.** Langevåg på Bømlo, Våge på Tysnes, Fitjar, Bekkjarvik i Austevoll, **7. el 08.09** Strusshamn på Askøy

Eit samarbeid mellom *Kystsogevekene*, Matfestivalen *Bønder i Byn* og *M/S Granvin*.

Dukkenikkerne viser Noas ark, ei figurteaterforestilling for heile familien:
03.09
Osterøy ungdomskule i Lonevåg kl 17.00
08.09
Grendatun i Uggdal på Tysnes kl 12.00

3. september - Nordsjøløpedagen - Å vandra til fots i kystlandskapet er ei opplevelsing for sjel og sinn. Nordsjøløypa ligg open og tilgjengeleg heile året. Desse stadene vert Nordsjøløpedagen markert: Fedje, Øygarden, Fjell, Sund, Austevoll, Bømlo og Sveio.



1. - 3. september. Fjell, Sund og Øygarden www.vestkystfestivalen.no

Kystgilde 2006

Laurdag 16. september - festframsyning i Grieghallen. Dei 20 kommunane syner fram nokre av skattane sine - amatørar og profesjonelle utøvarar innan ulike sjangrar står på scenen, i foajeen får vil oppleve kystkultur.

8. og 9. september
Gulatingsseminaret 2006

Kystsogevekene 2006

12. august til 17. september

Søndag 6. august - Kvalvåg /Austevoll

11.00 Gudsteneste i kyrkja.

12.00-16.00 Kystsogedagen i Kvalvåg. *Stolmen 10 000 år tilbake. Jegeren og jakta.* Jakt og fangstmetodar gjennom tidene. Flintsmed lagar steinalderreiskap som publikum kan prøve. Bogeskyting, kastespyd og eldlaging. Lag mat på steinaldervis. Foredrag ved Johan Tufteland. Omvisning i Kvalvåg. Kyrkjegardsvandring. Marknad – brukskunst, utstillarar, sal av rømmegrøt og fiskesuppe mm. Rebusløp for barn/familiar.

Laurdag 12. august

Bergen/Fjell - Offisiell opning av Kystsogevekene 2006

Dreggekaien kl 10.00

Reis med MS Bruvik frå Bergen til Fjell, og ta del i den offisielle opninga på Fjell festning eller Langøymarknaden på Langøy Kystkultursenter. For meir info om billettsal sjå www.kystsogevekene.no

Bergen/Fjell - Offisiell opning av Kystsogevekene 2006 - Fjell festning

10.30 Guida fottur opp "Russarstigen".

11.00 Buss frå Tellnes skule til Fjell Festning

12.00 Offisiell opningsseremoni

14.00 Ope festningsanlegg for publikum

Bergen/Fjell - Offisiell opning av Kystsogevekene 2006 - Langøy Kystkultursenter

12.00 - 18.00 Langøymarknaden med marknad og underhaldning.

20.00 Naustdans

Fjell - Offisiell opning av Kystsogevekene 2006 - Foldnes Amfi kl 20.00

Grillfest og ungdomskonsert med lokale artistar .

Fjell - Offisiell opning av Kystsogevekene 2006 - Foldnes kyrkje kl. 23.00

Nattkonsert med Marianne Juvik Sæbø og lokale songarar og musikarar.

Austrheim/Fonnes - kl 12.00-16.00

"*Det var ein gong*" på Fonneskaien, eller også "*Dajen dar folk møtast*". Også i år set me fokus på gamle mattradisjonar og korleis folk langsmed kysten vår har levd opp gjennom tidene. Snutebussen og gamle 'Oster' kjem. Her vert noko for både ung og gamal.

Brannbilen kjem, redningsskøyta og slepebåtar ligg på vågen, du får sjå klinking av båt, gamle motorar, knivlagring, tempoklubben m.m. Det vert og høve til å sjekke slektssoga si. Det vert høve til å få seg litt rømmegrøt og fiskesuppe. Olav Mongstad vil leie arrangementet.

Rødøy/Manger kai kl 12.00-15.00

Offisiell opning av *Kystsogevekene i Rødøy*. Offisiell opning av tradisjonsverksemda Manger Seafood AS Omvisning, smaksprøvar og kulturelle innslag. Arr Manger Seafood AS og Rødøy kommune

Rødøy/Bøvågen kl 14.00-16.00

Samtidskunst frå Skottland. Opning av kunstutstilling. Fire kunstnarar frå Edinburgh besøker Rødøy Kunst Senter. Utstillinga følgjer opp den nære kontakt og felles kystkultur som har vore og er mellom Hordaland og Skottland. Jennie Temple, Christopher Walker, Jackie McNamee, Steve Dale er knytta til skulpturverkstaden i Edinburgh. Samstundes viser skuleklasser frå Rødøy, grafikk med utgangspunkt i naustkulturen på Rødøy. Gratis adgang – enkel servering. Utstillinga er open kva laurdag og søndag fram til 10. september, elles etter avtale tlf 56 37 00 06. Arr Rødøy Kunst Senter

Sund/Glesnes

Fiskefestival. Utror frå Holmakaien

Festivalfest på Glesnes ungdomshus. Arr. Glesnes ungdomslag

Tysnes/Nedrevåge kl 19.30

"Heim i Saltebu"- revy, konsert og dans. For femte år på rad samlast ein gjeng i Nedrevåge for å laga spontanrevy og fest i Saltebu. Arr. Tysnes Spellag

Børmlø/Brandasund

10.00 -17.00 I det gamle tunet vert det arrangert torghandel, her vert servering og trekkspelamusikk. I Naustvika er det ullverkstad og steinsmie, og demonstrasjon av handverk, og sal av brukskunst.

12.00 - 21.00 Fabrikkloftet er ope med servering av kystmat.

21.00 - 01.00 På Fabrikkloftet er det underhaldning, historier og skrøner.

Brandasund Sjø- og Gardsmuseum er ope.

Søndag 13. august

Rødøy/Nedre Storheim kl 11.00-16.00

Kulturprisvinnaren i Rødøy 2006 Guttorm Storheim syner fram motorsamlinga si.

Demonstrasjon av motorar mm. Arr. Guttorm Storheim

Fjell/Langøyna 12.00 - 18.00

Langøymarknaden på Langøy Kystkultursenter med marknad og underhaldning. To innholdsrike marknadsdagar med yrande folkeliv og litt av kvart for heile familien: Gamle båtar på sjøen, lokale handverkarar og kunstnarar i naust og butikk, god mat i kafeen og på bryggjekanten, husdyr, rideturar for barn mv. Omvising Nordvikkverna og Storasundet.

Sveio/Ryvarden kl 13.00

Fyrjazz på Ryvarden Kulturfyr med Phil Mason New Orleans All Stars og Christine Tyrell. Ta gjerne med noko å sitte på.

Torsdag 17. august

Stord/Leirvik kl 19.00 - Kulturhuset

Singel & Sand - Sommar heile året! Hordaland Teater presenterar ein kabaret med kjente og kjære slagere av Salhuskvintetten og Ivar Medaas.

Laurdag 19. august

Fedje - Torgdagen på Fedje

11.00 - 15.00 Ferjekaia. Torgområdet på er ope med sal frå bodar.

12.00 Offisiell opning på torget med litt underhaldning frå m.a. bandet "Pål sine haner" samt lokale artistar.

16.00 - 17.00 Fedje kyrkje, konsert med Signe Bakke (sopran) og Bjørk Solsvik Åvitsland (sopran)

18.00 - 20.00 Utekonsert på Torget med "Pål sine haner" og lokale band med fleire.

20.30. Kræmmerholmen. I naustet ved vert det sommarrevy med mellom anna folk frå Fedje teaterlag. Det er mogelegheiter for ekstraframstilling kl. 18.30 om etterspurnaden vert stor. Etter revyen vert det dans.

Laurdag 19. august og søndag 20. august

Kystsogearrangement i Bekkjarvik/Kvalvåg 2006

Begge dagane vil her vere små og store veteranbåtar, mellom anna den nær 140 år gamle, staselege seglskuta Anna Rogde, og det vert høve til å få seg ein tur på sjøen.

Kystsogearrangement i Bekkjarvik/Kvalvåg 2006

Austevoll/Bekkjarvik

10.00 Torg på kaien i Bekkjarvik. Folkeliv musikk og handel. Tyrollermusikk med *Midtun Pavillion Orkester*. Unge gatemusikantar. Tivoli på fergjekaia (frå fredag til søndag).

13.00 På Skjæret. Lokale musikalske overraskinger.

14.00 På Skjæret. *Christine Guldbrandsen* m orkester (årets norske grandprix vinnar)

Austevoll/Bekkjarvik kl 17.00

Hengjo *Singel & Sand - Sommar heile året!* Hordaland Teater presenterar ein kabaret med kjente og kjære slagere av Salhuskvintetten og Ivar Medaas.

Austevoll/Bekkjarvik kl 20.00

Hengjo *Singel & Sand - Sommar heile året!* Hordaland Teater presenterar ein kabaret med kjente og kjære slagere av Salhuskvintetten og Ivar Medaas.

Austevoll/Bekkjarvik kl 22.15

Båtkonvoi og busstransport til Kvalvåg.

Austevoll/Kvalvåg kl 23.00

Nattarrangement i Stolmen Kyrkje. *Som Skrevet Står* - Svein Tindberg les, fortel og leikar med tekster frå Bibelen. Song ved Christine Guldbrandsen.

Tysnes/Våge kl 20.00

Dansegalla med *AristoCats* og *Gruppesax* i Tysneshallen. Sal av mat, mineralvætn, øl og vin. Billett kr. 200,- Førehandssal i Vågebua. Aldersgrense 18 år. Arr. Tysnes Musikkklag

Bømlo/Mosterhamn

Udstilling i Moster Amfi med Torunn Steinsund Thommassen - keramikk, og Torleiv Tveit - foto. Udstillinga står til 24. september.

Søndag 20. august

Masfjorden/Matre

Bjørn-Westmarsjen. Konsert, gudsteneste og minneseremoni i Stordalen.

Austrheim/Årås kl. 19.30

Irsk aften med Andrea Rice i Austrheim Samfunnshus. Endeleg er Andrea Rice tilbake i Austrheim under Kystsogevekene med feiande frisk Irsk song. Andrea Rice og hennar dyktige musikarar har ei høg stjerne i Austrheim. Truleg vil også Austrheim songkor kunne bidra med nokre irske songar saman med Andrea Rice.

Radøy/Nordanger kl 11.00-14.00

Nordanger gardsmuseum er ope. Arr. Johannes Birkeland

Radøy/Solendfjellet ved Manger kl 11.00-14.00

Omvisning på tusenårsstaden til Radøy kommune. Det vakre kulturlandskapet på Radøy "Den grøne øya" vert vist fram. Havutsikt og husdyr. Kulturelle innslag.

Arr. Manger bygdelag

Fjell/Langøyna kl 12.00

Friluftsgudsteneste på Langøy Kystkultursenter. Open kafé med rykande varme skillingsbollar rett frå den gamle bakaromnen.

Austevoll/Bekkjarvik kl 12.00

Friluftsgudsteneste på Skjeret i Bekkjarvik. Medverkande Christine Guldbrandsen og Austevoll barnekantori. Sokneprest Kjell Asle Børnes og kantor Steinar Christensen

Fredag 25. august

Masfjorden/Risnes - Nordbygd samfunnshus kl 20.00

Singel & Sand - Sommar heile året! Hordaland Teater presenterar ein kabaret med kjente og kjære slagere av Salhuskvintetten og Ivar Medaas. Arr. Masfjorden fotballag

Bømlo/Søra Bømlo

Langevåg Pubkveld med maritim musikk. I Langevåg vert det aktivitet heile helga.

Laurdag 26. august

Meland/Holme

Kystsogedagane. Arr. Arbeidsgruppa for Kystsogedagane

12.00 Offisiell opning av *Kystsogedagane* v/ordførar Solbjørg Åmdal Sandvik
12.00 - 17.00 Marknad på Holmeknappen. Sal/utstilling av mange kunst- og handverksprodukt. Demonstrasjon av handverk og gamle landbruksmaskiner, kvedarkurs og andre aktivitetar for barn. Sal av tradisjonsmat som sild, flatbrød, lefser m.m., samt grønt-/småskalaprodukt. *Holmestova* og *Sjøbua* er opne for omvisning. *Galleri Rustica* er ope. *DS Oster* og *KNM Hitra* ligg v/kai. Underhaldning på scene heile dagen.

Kafé m/middag/kaffimat.

14.00 "FEIEKOSTANE" frå Fedje framfører opplesing og solosong frå Jacob Sande si lyriske skattkiste.

18.00 – 23.00 *D/S Oster* går tur frå Holmeknappen til gamle stoppestader i Herdlafjorden. Rekebord og servering. Tinging av billettar hjå Åge Skjelvik, mob. 97686875. Sjå og eige program i august for nærmere opplysingar.

Lindås/Hjelmås kl 16.00-17.30

Open dag på Hjelmås Hestesenter og i Bestefarstova. Riding og hesteskiss. Foredrag: *Laust og fast om løgne strilar*. Gratis. Meir informasjon på www.bestefarstova.no

Osterøy/Lonevåg kl. 19.00 - Osterøy ungdomsskule

Singel & Sand - Sommar heile året! Hordaland Teater presenterar ein kabaret med kjente og kjære slagere av Salhuskvintetten og Ivar Medaas. Billettar kr 175,- kan kjøpast på førehand i servicetorget på rådhuset, Osterøy kommune, tlf. 56 19 21 00. Restbillettar kan kjøpast ved inngangen. Osterøy kommune/Kulturdagnemnda

Rødøy/Ballbana Solheim kl 15.00-18.00

"*Barnas dag*". Mange aktivitetar for heile familien. Sæbø Skulemusikk underheld. Matservering. Arr. Sæbø ungdomslag

Fjell/Haganess kl 14.00 - 17.00

Ulike aktivitetar i *Haganesparken* og på Haganess. Kanopadling i kanalen, turløype med postar. Sal av grillmat, kaker, brus og kaffe på ball og leikeplassen. Arr. Haganess Velforening, Galleri Haganess og Fjell kommune

Os/Bruarøy

11.00 Opning på Vedholmen Galleri. Opning av kunstutstilling med Tone Henschein (N): måleri, Marte Kartfjord (N) og Morten K. Madsen (DK): Kunsthåndverk og design i glas. Musikkinnslag og kåseri. www.vedholmen-galleri.com

12.00 Påmelding til fiskekonkurranse og til kappsegling.

12.30 Utror til fiskekonkurranse.

12.00 - 14.00 Roing og segling for dei som vil. Turar med M/S Snøgg. Fiskesuppe til alle.

13.00 Kappsegling.

14.30 Innveging av fangstane i fiskekonkurranse.

15.00 Premieutdeling for fiskekonkurranse og kappseglinga.

Stord/Sagvåg kl 11.00-16.00

Vervadagen på Jensanes, Ottesen Skipsbyggeri Vervadag på Ottesen skipsbyggeri. Ulike aktivitetar og omvising på verftsområdet. Her kan publikum bl.a. sjå gamal krambu, oppgangssag i drift, bygging av firbøring, reparasjon av skøyte, koking av bek, smed, fresing av naglar. Det vert biletutstilling og sal av husflidsartiklar. Kafé og musikkinnslag.

Arr. Sagvågen kystlag

Bømlo/Søra Bømlo - Langevåg

10.00 Frukost i Bygdatunet og torgdag. Kassabilløp, leiker og tivoli for born. Open gamal krambu.

Bømlo/Sønstabøvågen

15.30 Folkefest i Sønstabøvågen. Sal av tradisjonsmat, historisk vandring og kulturformidling i Søra Sjøhuset.

Sveio/Auklandshamn kl 10.00 - Eikeland skule

Fraktfart og sildafiske. Tur i samarbeid med Sveio Turlag. Besøk av den nær 140 år gamle og staselege frakteskuta Anna Rogde med høye til tur på fjorden kl 13.00. Arr. Sveio kystlag.

Søndag 27. august

Gulen/Brandangersund

Sellevåg Treskofabrikk held open dag. Den gamle treskofabrikken i Sellevåg sto for produksjon av tresko til både sogningar og strilar i farne tider. Fabrikken er framleis i driftsstand. Det vert orientering om fabrikken og produksjonen, og omvising med praktisk demonstrasjon av treskoproduksjon. Sellevåg Treskofabrikk

Gulen/Brandangersund

Rekebord i Brandangersund på kaia på Furnes. Underhaldning og aktivitetar. Servering av sjømat.

Lindås/Lygra kl 11.30

Mellomalderdag på Lyngheisenteret. Historisk vandring i autentisk kulturlandskap. Robåt over Kalvsundet. Omvising i tuftene etter mellomaldergarden. Servering. www.lyngheisenteret.no

Meland/Holme kl 11.00

Kystsogedagane. Arr. Arbeidsgruppa for Kystsogedagane

11.00 Friluftsgudsteneste på Holmeknappen kai. Etter gudstenesta vert det utdeling av kommunen si kulturrose.

12.15 - 13.15 Konsert m/Olav Stedje - "Vi vandrar saman"

13.00 - 17.00 Marknad på Holmeknappen, sjå laurdag 26. august.

Meland/Holme kl 13.15

Vestbygdmarsjen. Start og mål på Holmeknappen. Lang løype går i skog, mark og opp på Ramusfjellet. Kort løype er flat og kan nyttast av folk m/barnevogn/rullestol. Arr.

Holmemarka Vel

Meland/Rossland kl 19.00-21.30

Kveldskonsert m/Olav Stedje – "Olav presenterer sine slagere"

Lokal underhaldning. Billetsal – sjå oppslag seinare. Arr. U.I. Framsteg/Arbeidsgruppa for Kystsogedagane

Bergen/Sandviken kl 11.30-15.30

Familiedag i Kystkultursenteret i Sandviksboder 16. Aktivitetar for barn. Demonstrasjon av motorar v/ Sandviken Motor Klubb. Grilling og kafé. Arr. Bergen Kystlag.

www.bergenkystlag.no

Øygarden/Ovågen kl. 18.00

Museum Vest, Kystmuseet i Øygarden har fått bygd sin eigen oselvar på Oselvarverkstaden i Os, og markerar dette med kabaretten "*Mennesket, havet og båten*".
www.kystmuseet.com

Fjell/Haganes kl 14.00

Opning av Haganesparken. Musikk med ulike aktivitetar. Open kafé. Tema for dagen vert kystkultur med fokus på naust og trebåtar. Utstilling på Galleri Haganes.

Sund/Trellevik

Kystsogedag i Trellevik. Den tradisjonelle kystsogedagen på Trellevik Kystkultursenter. Det startar med friluftsgudsteneste og held fram med sjøaktivitetar og høve til å kjøpa mat i Skjenkestova. Arr. Folkeakademiet i Sund m. fleire

Sund/Glesvær kl 11.00

Tur med los i Nordsjøløypa frå Glesvær til Nordsjøfartmuseet i Telavåg. (Turavgift). Turen startar med ei omvising på Handelstaden Glesvær. Hugs godt fottøy. Om lag kl. 15.00 er ein framme ved museet. (Entré). Museet tilbyr film og utstillingar, og museumskafeen har kaffi og lette lunsjrettar. Rutebuss frå Telavåg til Glesvær/Bergen kl. 16.25. Glesvær kafé har middagsservering.

Os/Osøyro - Fjellheim samfunnshus kl 19.00

Singel & Sand - Sommar heile året! Hordaland Teater presenterar ein kabaret med kjente og kjære slagere av Salhuskvintetten og Ivar Medaas.

Stord/Sagvåg kl 11.00

Gudsteneste på Ottesen Skipsbyggeri. Presten vert rodd frå Sagvåg.

Bømlø/Espevær kl 11.30-17.00

Kystsogedag. Demonstrasjon av gamle oppfyringsmotorar. Omvising i Hummaparken og Baadehuset. Biekronå kafé serverer tradisjonell kystmat.

Sveio/Valestrand kl 17.00

Konsert med VAMP i Valestrand kulturkyrkje

Måndag 28. august

Radøy/Bogatunet kl 09.00-13.30

Ein "familie" frå Sæbø skule bur på tunet, og levandegjer kvardagen for ein familie på 1850 tallet. Tradisjonsmat Arr. Sæbø skule/Radøy kulturkontor

Tysdag 29. august

Radøy/Bogatunet kl 12.00-18.00

Ein "familie" frå Sæbø skule bur på tunet, tradisjonsmat.
Arr. Sæbø skule/Radøy kulturkontor

Børnlo/Moster Amfi kl.11.00

Professor Nils Georg Brekke heldt foredrag. Tema: I vesterveg

Onsdag 30. august

Radøy/Bogatunet kl 09.00-13.30

Ein "familie" frå Sæbø skule bur på tunet, og levandegjer kvardagen for ein familie på 1850 tallet. Tradisjonsmat Arr. Sæbø skule/Radøy kulturkontor

Torsdag 31. august

Radøy/Bogatunet kl 12.00-13.30

Ein "familie" frå Sæbø skule bur på tunet, og levandegjer kvardagen for ein familie på 1850 tallet. Tradisjonsmat Arr. Sæbø skule/Radøy kulturkontor

Fredag 1. september

Radøy/Bogatunet kl 09.00-13.30

Ein "familie" frå Sæbø skule bur på tunet, og levandegjer kvardagen for ein familie på 1850 tallet. Tradisjonsmat Arr. Sæbø skule/Radøy kulturkontor

Radøy/Kinosalen på Manger kl 19.00-19.30

Undervassjakt i Norge. Foredrag av Børje Møster. Arr. Børje Møster/Radøy kommune

Radøy/Kinosalen på Manger kl 19.30-20.15

Premiere på filmen "Spearfishing i Norway". (Norsk tekst). Produsent: Frivannsliv AS.
Arr. Børje Møster/Radøy kommune

Øygarden, Sund og Fjell arrangerar Vestkystfestivalen 1. -3. september

www.vestkysfestivalen.no

Øygarden/Ovågen

Kl. 20.00 opning av Vestkystfestivalen. Konsert med Halvdan Sivertsen og band - utekonservert ved Kystmuseet i Øygarden. www.vestkysfestivalen.no

Fjell/Fjell festning kl.22.00

Intimkonsert med Nathalie Nordnes og cellisten Andy Nice. Arr. Vestkystfestivalen

Sund/Skogsvåg Kl 20.00 - 02.00

Irsk aften i Sundhallen - Picturehouse, Black Donnelys og The Commitments

Bømlo/Finnås - Kanaldagane. 1.- 3. september.

I år feirar Kanaldagane 5 år, og ein vil lage det beste arrangementet nokon sinne. Sjølve Kanalen jubilaerer også, den er 150 år i år, dette er ein hending som vert feira med eige filmprosjekt laga av Brynjar Stautland. Det vil som vanleg vera masse underhaldning på scena, dans på laurdagskvelden, aktivitetar som pallespringing og leikar for borna.

Laurdag 2. september

Radøy/Risnes kl 13.00-19.00

Marknadens dag. Risnes grendalag skipar til marknad på Risnes skule.

Udstilling - loppemarknad - underhaldning og mange aktivitetar for store og små.

Øygarden/Rong kl 20.00

Øygarden kulturhus. *Singel & Sand - Sommar heile året!* Hordaland Teater presenterar ein kabaret med kjente og kjære slagere av Salhuskvintetten og Ivar Medaas.

www.vestkystfestivalen.no

Øygarden/Rong

Øygarden kulturhus. Dans. Etter kabareten vert det dans i kulturhuset.

Sjå meir på www.vestkystfestivalen.no

Fjell/Straume kl 11.00 - 16.30

Stort gratis barne- og ungdomsarrangement på Sotratrappo. Bridgeofstone, Thelema, Gauke Ormåsen, Tone Damli Aaberge, Fredrik Halland og Voksne Herrers Orkester, Picturehouse (Irl) + stor talentkonkurranse for ungdom. I tillegg sjørøvartokt med Loyal frå kaien på Brattholmen. Sjå meir detaljar www.vestkystfestivalen.no

Fjell/Fjell

Open gard - Leite gard på Fjell

Sund/Skogsvåg kl. 20.00 - 02.00

Irsk aften i Sundhallen - Picturehouse, Black Donnelys og The Commitments

Sund/Telavåg

15.30 Nordsjøfartmuseet opnar fotoutstillinga "Lukten av savn" av fotograf Rune Eraker

17.00 Intimkonsert på *Nordsjøfartmuseet* - Nathalie Nordnes og cellisten Andy Nice

Bergen/Sund kl 18.00

Bluescruise med MS Bruvik frå Bergen til Sundhallen. BB Lyng's Bluesband spelar ombord

Os/Oselvo - Osøyro - Kyrkjeflaten

Oselvarfestival og Bondens dag.

10.00 Gratis frukost på Osøyro. Aktivitetar på Kyrkjeflaten og torgsal på Osøyro.

11.00 Defilering av oselvarar på Oselvo.

11.30 Kaproing. Forsmak på korfestivalen. For borna: Teiknekonkurranse, akvarium med småfisk, krabbe, skje og annen sjøgodt.

Stord/Leirvik

Sunnhordland Museum held open dag. Tema er stader for avreise og ankomst, og her er utstilling om gamle og nye stoppestadar i Sunnhordland. Aktivitetar for små og store, foredrag og underhaldning, sal av lefser og nykinna smør. www.sunnhordland.museum.no

Bømlo/Finnås - Kanaldagane.

I år feirar Kanaldagane 5 år, og ein vil lage det beste arrangementet nokon sinne. Sjølve Kanalen jubilerar også, den er 150 år i år, dette er ein hending som vert feira med eige filmprosjekt laga av Brynjar Stautland. Det vil som vanleg vera masse underhaldning på scena, dans på laurdagskvelden, aktivitetar som pallespringing og leikar for borna.

Sveio/Buavåg

Utstilling i Sjøhuset av bruks- og pyntegenstandar i stein av Torbjørn Løland. Kart over alle poststader, butikkar og bakerier som har vore/er i kommunen. Utstilling: Gjenskaping av butikken i Sjøhuset. Arr. Sveio Gullforening

Sveio/Buavåg kl 20.00

Kystkabarenen *Mennesket, båten og havet.* Servering av rømmegraut i Sjøhuset

Søndag 3. september - NORDSJØLØYPEDAGEN

Rødøy/Risens kl 16.00

Sjømannsmisjonenes dag. Risnes sjømannsmisjonsforening skipar til basar på Risnes skule. Kretssekretær Knut Rønnestad held andakt. Åresal, trekning av loddbøker.

Gulen/Byrknes kl 14.00-17.00

Sesongavslutning på Gulen Fiskarbondemuseum med omvising og servering av tradisjonsmat.

Fedje

Nordsjøløypa, fottur i kulturlandskap ved havet på Fedje

Osterøy arrangerar Kulturdagar 3. - 10. september 2006.

For komplett oppdatert program sjå www.ostranett.no

Osterøy - Stemmesegga kl 12.00 – 12.45

Munnspekkonsert ved Wemund Mjøs

Osterøy/Lonevåg - Osterøy ungdomsskule kl 17.00

Noas ark – figurteaterforestilling med Dukkenikkerne. Arr. Hosanger sokneråd

Askøy/Strusshamn kl 12.00-18.00

Temadag i Strusshamn: *Mølleindustrien på Askøy*

Sal av diverse brukskunst i "Det røde hus"

Ope i Eikemohuset - sal av kaffe/saft og vaflar

Barneaktivitetar med Askøy Kystlag

På *Shoddyen* - Foredrag av Bygdebokforfattar Halvor Skurtveit: "Frå vasshjul til turbin. Moderniseringa av mølleindustrien i Bergensområdet på 1800-talet - med særleg vekt på askøyommøllene".

Askøy museumslag har ny utstilling og film

Askøy Quiltelag har utstilling og sal i "Kantinen"

Husflidslaget viser sine egne arbeid

Uteteater: "*Møllebruk i Strusshamn*" av Henning Langeland ved Askøyteateret

Murhuset - Kunstudstilling - fotoutstilling - Havna interiør

Arr. Strusshamn kultursenter, støtta av Askøy kommune/kulturavdelingen

Askøy/Strusshamn

I Strusshamn kyrkje ettermiddag og kveld vert det kyrkjekaffe og konsert med Marianne Juvik Sæbø og kor før gudstenste kl. 19.00 i Strusshamn kyrkje.

Øygarden/Sæløy

Nordsjøløypa, fottur i kulturlandskapet på Sæløy nord i Øygarden.

Turlos/arrangør: Egil Sæle

Arrangement før og etter turen: Kystmuseet i Øygarden, Oen. Tradisjonsmat, konsert m.m.

Øygarden/Ovågen

Nathalie Nordnes og cellisten Andy Nice spelar intimkonsert på Kystmuseet.

www.vestkystfestivalen.no

Fjell/Kallestad

Nordsjøløypa frå Kallestad - Kjereidet. Fottur gjennom kulturlandskap sørvest i Fjell

Fjell/Straume - Fjell kulturhus kl 19.00

Singel & Sand - Sommar heile året! Hordaland Teater presenterar ein kabaret med kjente og kjære slagere av Salhuskvintetten og Ivar Medaas. Arr. Vestkystfestivalen

Fjell/Straume Kl 21.00

Avslutningskonsert med Pzazz frå Irland på Fjell festning

Sund/Telavåg kl 11.00

Tur med los i Nordsjøløypa i Telavåg. Turen startar frå Minnestøtta like ved Telavåg skule (her er p-plass). Turen går for det meste på veg, til kaia i Kvernhopen der tyske båtar kom og gjekk i aprildagane i 1942, til ein til ei gamal kvarts- og feltspatgruve, og vidare til den gamle kyrkjegården ved havet. Turen er gratis, men ein kan avslutta turen med eit museumsbesøk og gå i museumskafeen. Entré kr. 35,-. Arr. Nordsjøfartmuseet. Om ein

ønskjer overnatting kontakt Trygve Nipen i Årvika rorbu

Austevoll/Storekalsøy

Fottur i Nordsjøløypa i kulturlandskap i ved havet på Storekalsøy.

Bømlo/Finnås Kanaldagane.

I år feirar Kanaldagane 5 år, og ein vil lage det beste arrangementet nokon sinne. Sjølve Kanalen jubilerar også, den er 150 år i år, dette er ein hending som vert feira med eige filmprosjekt laga av Brynjar Stautland. Det vil som vanleg vera masse underhaldning på scena, dans på laurdagskvelden, aktivitetar som pallespringing og leikar for borna.

Bømlo/Våge kl 11.00

Nordsjøløypa frå Våge – Hellvik. Fottur med los i kulturlandskap sørvest for Kuleseid kanalen. Turen er kring 2,5km. Gratis. Parkering ved Våge skule. Buss frå Kanalen til Våge, og frå Hellvik til Kanalen etter avtale. Stopp ved Våge skule. Arrangement før og etter turen: *Kanaldagane*, fredag til søndag. Arr Våge skule, Kåre Bogetveit.

Sveio/Buavåg kl 10.00

Familieday. Sveio Gullforening arrangerar familieday med tur i samarbeid med Sveio Turlag/Nordsjøløypedagen. Frå Tjernagel, via Lokna til Buavåg. Under turen vil det finne stad ei historisk overrasking.

Udstilling i Sjøhuset av bruks- og pyntegenstandar i stein av Torbjørn Løland. Kart over alle poststader, butikkar og bakeri som har vore/er i kommunen.

Gjenskaping av butikken i Sjøhuset.

Gudsteneste kl. 12.00 Middag i Sjøhuset. Arr. Sveio Gullforening

Sveio/Ryvarden kl. 11.00.

Kunstutstilling i Galleri Ryvarden. Kunstnar Per Flatøy - grafikk og maleri. Offisiell opning kl. 13.00 ved fylkeskultursjef Ingebjørg Astrup. Underhaldning.

Sveio/Valestrand kl 19.30

Valestrand Kulturkyrkje. Konsert med Bach-kantater og songar av norske komponistar, diverse instrumentalistar og Njål Sparbo.

Måndag 4. september

Osterøy/Gjerstad

Osterøy museum ope kl 10.00 – 15.00

Osterøy/Lonevåg kl 16.00

Osterøy folkeboksamling inviterar til *sopptur* – me finn nye område, plukkar og lærer. Kanskje det blir soppsuppe! Ta med korg, kniv, pensel og godt fottøy.

Tysdag 5. september

Osterøy/Gjerstad

Osterøy museum kl 10.00 – 15.00, museet er ope.

Kl 18.00. Korkafé med "Kor for ikkje".

Osterøy/Bruvik 18.00

Vandring på gamle stiar mot Olsnes. Frammøte ved butikken. Arr. Frivillighetssentralen

Onsdag 6. september

Osterøy/Gjerstad

Osterøy museum ope kl 10.00 - 15.00.

Osterøy/Hosanger kl 17.00-20.00

Galleri Mjøsvågen har sal av handverksprodukt, og utstilling v/Mona Nordaas
09.08 – 10.09.

Mjøsvågen Keramikk held open keramikkverkstad, med sal.

Omvising i Treskoverkstaden. Land Art-løypa Kunst laga i og av naturen – open fra 27.05

Osterøy/Lonevåg kl 18.00

Kulturvandring i sentrum. Frammøte v/busshaldeplassen. Utevandring og inne med historie og bilet. Servering. Arr. Lonevåg grendaråd/helselag.

Bømlo/Moster Amfi kl 09.15-13.15

Opplevingsdagane 2005: "Spennande møte med kunst, kunstnarar og kystkultur på ein historisk stad" Arr. Den kulturelle skulesekken

Sveio/Førde

Frukt og folk med M/S Granvin til Hardanger til *Bønder i Byn*

Torsdag 7. september

Osterøy/Hosanger kl 17.00-20.00

Galleri Mjøsvågen har sal av handverksprodukt, og utstilling v/Mona Nordaas
09.08 – 10.09.

Mjøsvågen Keramikk held open keramikkverkstad, med sal.

Omvising i Treskoverkstaden. Land Art-løypa Kunst laga i og av naturen – open fra 27.05

Osterøy/Solbjørg kl 19.00

Solbjørg Kulturkafé - Ferdatalar, utstilling, litt å bita i, allsong. Arr. Solbjørg ungdomslag

Osterøy/Valestrand kl 19.30

Samling rundt pianoet med kåbboyer og irer, i Kongshall. Arr. Osterøykoret

Osterøy/Gjerstad - Osterøy museum 19.00

Fotokveld med gamle bilde. Museet er ope kl 10.00 – 15.00

Bømlo/Fitjar/Austevoll/Tysnes/Askøy

MS Granvin kjem frå Hardanger med frukt. Det vert høve til å komme ombord og kjøpe frukt. Kan hende det vert underhaldning eller anna på kaia. Denne dagen vil MS Granvin anlöpe kai i Langevåg på Bømlo, Fitjar i Fitjar, Bekkjarvik i Austevoll, Våge på Tysnes, og Strusshamn på Askøy. Fredag 8. september Bergen går MS Granvin til Bergen og matfestivalen Bønder i byn. Nærare opplysingar med tider kjem etter kvart.

Bømlo/Moster Amfi kl 09.15-13.15

Opplevingsdagane 2005: "Spennande møte med kunst, kunstnarar og kystkultur på ein historisk stad" Arr. Den kulturelle skulesekken

Fredag 8. september

Fredag 8. og laurdag 9. september

Gulatingsseminaret 2006. Årets Gulatingsseminar har fått tittelen "Styringsmakt og bonde-samfunn".

Til seminaret kjem nokre av Europas fremste forskrarar på mellomalderhistorie med spesi-alfelt på tingordningane i dei ulike landa. Professor Knut Helle leiar seminaret og dei fag-lege diskusjonane. For detaljar sjå www.gulatinget.no

Eivindvik/Kommunestyresalen kl 10.00-18.00

Gulatingsseminaret 2006. Deltakaravgift (fastsett seinare). Påmelding til:
gulatinget@gulen.kommune.no

Radøy/Risnes kl 18.00-21.00

Kurs i maling av korn og drift av kvernhus. Påmelding til Arne Villanger: Tlf 56370069. Kurset held fram med praksis på laurdag. Arr. Arne Villanger

Meland/Frekhaug - Nordhordland folkehøgskule kl 19.30 -22.00

Singel & Sand - Sommar heile året! Hordaland Teater presenterar ein kabaret med kjente og kjære slagere av Salhuskvintetten og Ivar Medaas. Billettar vert seld hjå Frekhaug Bakeri A/S, tlf. 56178555 frå 1. august. Arr. U.L. Von/Arbeidsgruppa for kystsogedagane

Osterøy/Gjerstad

Osterøy museum ope kl 10.00 - 15.00.

Osterøy/Fotlandsvåg kl 18.00

Tur i Folkestien – orientering om båttrafikken på Osterfjorden i eldre tider. Start ved Smøiatun. Arr. Fotlandsvåg helselag

Osterøy/Valestrand kl 20.00

"Ein kveld under fullmånen". Frida Sofie sitt husorkester i Kongshall. Arr. Valestrand ung-domslag

Tysnes/Uggdal kl 12.00

Noas Ark Figurteater Skuleframstykning 1-4 kl. Arr. Den kulturelle skulesekken og kulturarbeidsgruppa

Bømlo/Moster Amfi kl 09.15-13.15

Opplevingsdagane 2005: "Spennande møte med kunst, kunstnarar og kystkultur på ein historisk stad" Arr. Den kulturelle skulesekken

Sveio/Valestrand kl 19.30

Minnes du songen? Sveio Songlag i Valestrand kulturkyrkje.

Laurdag 9. september

Fredag 8. og laurdag 9. september

Gulatingseminaret 2006. Årets Gulatingseminar har fått tittelen "Styringsmakt og bondesamfunn".

Eivindvik/Ungdomshuset kl 10.00-15.00

Gulatingseminaret 2006. "Styringsmakt og bondesamfunn" Laurdag er seminaret ope for publikum utan avgift og påmelding! For detaljar sjå www.gulatinget.no Etter seminaret vert det omvising på Tusenårsstaden Gulatinget ved professor Knut Helle som fortel om Gulatinget. Helle gir også ein kort orientering om arbeidet med Tusenårsstaden Gulatinget og om kunstverka til Bård Breivik.

Radøy/Villanger/Risnes kl 12.00-16-00

Skogsdag i Risnes-krinsen

Villanger 12.00 Maling av korn i kvernhuset på Villanger

Risnes 13.30 Foredrag om aktuelle skogstema

Veterantraktorar/biobrensel. Partering av hjort. Kaffi/mat Arr. Risnes grendalag

Radøy/Manger kyrkje kl 17.00

Flygelkonsert. Radøy damekor. Rune Alver/Inger Johanne Ektvedt, Frode Skag Storheim m.fl. Andre innslag Arr. Radøy sokneråd

Radøy/Manger kl 11.00

Manger Senterforening markerar 20-årsjubileum med stort kundearrangement.

Kjempestort langbord med havets delikatesser til alle!

Radøy/Manger kl 16.15

Strilaringen dansar i Gamle prestegarden.

Osterøy/Havråtunet

11.00 Guida tur frå Havrådalen til Havråtunet.

12.00 Ulike aktivitetar på garden med potetopptaking, tresking av korn med tust og treskemaskin, drøpting, maling av korn og handmjølking. Omvising i tunet kvar heile time. Sal av tradisjonsmat frå Osterøy. Arr. Stiftinga Havråtunet

Osterøy/Gjerstad

Osterøy museum 14.00-16.00

Gamaldagse leikar for store og små.

Osterøy/Hosanger kl 12.00-17.00

Galleri Mjøsvågen har sal av handverksprodukt, og utstilling v/Mona Nordaas 09.08 – 10.09. Aktivitetsdag med toving mm.

Mjøsvågen Keramikk held open keramikkverkstad, med sal.

Omvising i Treskoverkstaden. Land Art-løypa Kunst laga i og av naturen – open frå 27.05

Osterøy/Gulen - Fotlandsvåg – Gulatinget kl 11.00

Reis med *MS Bruvik* fjordalangs til Gulatinget. Avgang 11.00 Fotlandsvåg, Hamre 11.30 og Knarvik 11.45. Variert underhaldning om bord. Omvising og minikonsert på Gulatinget ved godt ver. Påmelding til Anita 99 25 02 03, Helga 95 75 7869, Egil 56 39 51 57.
Arr. Fotlandsvåg musikklag

Osterøy/Herland kl 15.00-17.00 - Herlandsfoss kraftstasjon

Omvising i den gamle kraftstasjonen ved Gunnstein Fotland. Arr. BKK Produksjon AS

Austrheim/Åras - Austrheim samfunnshus 18.00 og 21.00 NB! To forestillingar!

Singel & Sand - Sommar heile året! Hordaland Teater presenterar ein kabaret med kjente og kjære slagere av Salhuskvintetten og Ivar Medaas.

Sveio/Førde

Førdedagane 9. og 10. september på Førde samfunnshus med utstillingar, basar og underhaldning.

Søndag 10. september - Kulturminnedagen

Gulen/Eivindvik

Dahl-dagen på Prestekaia i Eivindvik. Servering av den tradisjonsrike fiskesuppa. Musikkinnslag. Natursti på Prestegardsstien.

Radøy/Bogatunet

Bogatunstemne Prolog, kåseri, kulturelle innslag. Servering av mat på Kolstad grendahus. Arr. Radøy sogelag

Lindås/Knarvik kl 09.00-18.00

Grindverksafari i Nordhordland. Studietur, sjå på variasjonen av grindbygde hus. Reiserute Knarvik –Osterfjorden – Masfjorden. Oppmøte v/biblioteket i Knarvik. Transport med eigne bilar. Ta med mat og drikke, evt kjøp underveis. Bill. Vaksne 100/Born 50. For påmelding og meir informasjon ring Arne Høyland, adr. 5913 Eikangervåg. Tlf 56 35 33 92/ 47 65 05 24. arhoy@online.no

Osterøy/Bergen kl. 09.00 - Osterøy rundt

Start frå Bergen. Ombord i *MS Bruvik* vert Osterøy museum si utstilling om fjordabåtane sine gamle stoppestadar.

Frå Bryggen 09.00, Frekhaug 09.30, Hamre 10.00, Garnes 10.45. Arr. Osterøy museum

Osterøy - Kulturløype i samband med Kulturminnedagen

Hamre kyrkje kl 12.30 Omvising i kyrkja.

Havråtunet kl 12.00-15.00 Omvising kvar heile time.

Mjedasmia kl 12.00-14.00. Open smie.

Osterøy museum kl 12.00-17.00. Utstillinga "Nokon kjem og nokon dreg". Knutepunkt på Osterøy.

Gjerstad Låsfabrikk kl 14.00-15.00. Open låsfabrikk.

Herlandfoss kraftstasjon Omvising i den gamle kraftstasjonen ved Gunnstein Fotland.

Arr. BKK Produksjon AS.

Osterøy/Hosanger kl 12.00-17.00

Galleri Mjøsvågen har sal av handverksprodukt, og utstilling v/Mona Nordaas 09.08 – 10.09.

Mjøsvågen Keramikk heldt open keramikkverkstad, med sal.

Omvising i Treskoverkstaden. Land Art-løypa Kunst laga i og av naturen – open frå 27.05

Osterøy/Valestrand kl 16.00

Konsert i Hundremeterskogen med Helge Riise, Steinar Vatle, Håkon Hevrøy og diverse artistar.

Os/Kaien - Bjørnafjorden - Øyane

Kulturminnedagen

12.30 Oppmøte på Os kai

13.00 M/S *Midhordland* legg frå land. Kåseri om samferdslesoga i Os. Fotoutstilling og musikk ombord.

15.00 M/S *Midhordland* legg til kai i Vedholmen. Høve til å vitje Vedholmen Galleri

16.00 Retur til Osøyro med veteranbilar og -bussar.

Tysnes/Uggdal

Stader for ankomst og avreise - markering av Kulturminnedagen på Eie med utstilling i Smio, servering på kaien m.m. Arr. Tysnes kulturminnelag, Tysnes kystlag og kultur-arbeidsgruppa

Fitjar

Kulturdagane i Fitjar 9. - 23. september

Opning av den nye *Kultursalen* i Fitjar 9. september innleiar *Kulturdagane i Fitjar*. Det vert variert og rikhaldig program. Sjå www.fitjar.kommune.no for nærmare informasjon.

Sveio/Førde

Førdedagane 9. og 10. september på Førde samfunnshus med utstillingar, basar og underhaldning.

Sveio/Førde kl 11.00

Gudsteneste i Førde kyrkje i samband med *Førdedagane*.

Fredag 15. september

Osterøy

Singel & Sand - Sommar heile året! Hordaland Teater presenterar ein kabaret med kjente og kjære slagere av Salhuskvintetten og Ivar Medaas.

Laurdag 16. september

Bergen/Grieghallen

Kystgilde 2006 Kystsogevirkene inviterar til Kystgilde. Unge talent frå kystregionen opptrer saman med profesjonelle aktørar i et flott ei festforestilling i Grieghallen. I år er det valt ut artistar frå nesten alle dei 20 kommunane som er representert i Kystsogevirkene. I foajeen får vi oppleve ulike sider ved kystkulturen som mat, oppleving og reisemål. Arr. Kystsogevirkene

Rødøy/Sæbøvågen

Sæbøvågen kystlag arrangerar open familieday. Det vert kaproing, smaksprøver på tradisjonsmat og utstilling av gamalt verktøy på Sæbøvågen Slipp- og mekaniske verksted. Arr. Sæbøvågen Kystlag

Stord/Leirvik kl 19.30

Umogeleg kjærleik i Sunnhordlandstunet, Sunnhordland museum. Ei forestilling med folketonar, musikk og fortellingar med Johanne Ø. Tvedten og Maria Malmsteen.

Bergen/Stend

Landligje. Aktivitetar knytt til tema at byfolk kjem frå ferie - landliggje. Arr. Historieverkstaden ved Hordamuseet

Museum og utstillingar

Askøy brukskunstlag

Stad: Askøy/Strusshamn i det røde huset i Strusshamn (v/kyrkja). Sal av diverse handlaga produkt og heimelaga lefser. Ope: tirs og tors kl. 12 – 18, laurdag kl. 12 – 16. Tlf. 56 14 51 33

minne omgardsdrift, byggjeskikk og arbeidsliv på dei mangbølte vestlandsgardane. Garden har ei lang historie, og er freda somkulturmiljø. Ope søndag 12 – 15.

Opningstider i sumarhalvåret: Kvar sundag frå kl. 1400 – 17.00 desse dagane: 4 juni, 11 juni, 18. juni, 25. juni og 2. juli, 30. juli, 6. august, 13. august, 20. august.

Under kystsogedagane: Laurdag 26. august kl 1200 – 1700. Sundag 27. august kl 1200 – 1700. Etter nærmere avtale: 9. juli, 16. juli, 23. juli. For andre tidspunkt, kontakt Meland kommune, tlf. 56 17 10 00/56171074.

Adresse: Postboks 76, 5906 Frekhaug. anne.m.skurtveit@meland.kommune.no eller haldis.d.urdal@meland.kommune.no www.meland.kommune.no

Gulen Fiskarbondemuseum

Adresse: Byrknesøy 5970 Byrknesøy Telefon: 57 78 23 91 / 57 78 32 21 www.jensbua.no/gfm/

Museet er ope kvar dag i perioden mai - august, mån- fre kl. 10 – 15, laur og sön kl. 12 – 16. I september er museet ope sundagar 12 – 16 og elles etter avtale. Ein kan bestilla omvisning for grupper heile året. Telefon: 56 14 51 50 / 56 15 84 65 / 97 09 47 29 E-post: herdla.museum@askoy.kommune.no - www.museumvest.no

Havråtunet

Stad: Osterøy/Havrå Garden Havrå ligg midt i eit særprega kulturlandskap. På garden er klyngetunet og den gamle teigdelinga framleis intakt. Garden er eit unikt

Holmestova og Sjøbua, Holmeknappen

Hordamuseet
Hordamuseet skildrar levevil-

kåra til folk som har budd i Nord- og Midhordland. Museet ligg idyllisk til inst i Fanafjorden, like nedanfor Stend jordbrukskule. Opningstider: Tysdag, torsdag, fredag 12.00-15.00, onsdag 12.00-18.00, laurdag og sundag 12.00-16.00. Måndag stengt. Vitjing utanom opningstida etter avtale. Tlf 55 11 29 00, post@horda.museum.no Adresse: Hordnesveien 24, 5344 Fana museumsnett.no/hordamuseet

Langøy Kystkultursenter

Stad: Fjell/Langøyna
Ein tradisjonsrik handelsplass med butikk, bakeri og naust. Senteret har søndagsopen kafé om sommaren, og kan etter avtale leigast ut til arrangement og overnattingar heile året. Området har og ein fin badepllass for barn. Tlf 56 32 64 00, kullang@online.no www.fjell.kommune.no

Museum Vest, Kystmuseet i Øygarden

Eit økomuseum med natur og kulturminne der dei høyrer heime i det særegne kystlandskapet.
Hovudutstilling: "Hav og vind - jord og eld".
Under Kystsogevekene er museet ope: 16.- 31.08, månfre kl.11-16, sørn 12-17.
Sept. kun sørn. kl. 12-17
Adresse: Oen, 5337 Rong
Telefon: 56 38 50 50
www.kystmuseet.com

Misje museum

Stad: Fjell/Misje

Viser dagleg liv og virke gjennom hundre år: fisket, fiskeindustrien, emigrasjonen, livet under krigen, reiskapar, mat og klede. Misje Bygdalag driv museet. Om sommaren har dei søndagsopen kafe kl. 15 - 18, elles etter avtale. Tlf 56 33 42 06 Misje museum

Museum Vest, Nordsjøfartmuseet

Dei tre faste utstillingane på museet omhandlar Telavågtragedien, Nordsjøfarten og Shetlands-Larsen. I tillegg er det skiftande utstillingar.
Adresse: Telavåg
5380 Telavåg
Telefon: 56 32 74 40
www.museumvest.no

Osterøy museum

Eit kulturhistorisk museum for Osterøy og dei nærmaste bygdene.
Ope månd.- fred.10-15, søndag 12-17.
Adresse: Gjerstad
5282 Lonevåg
Telefon: 56 19 34 40
museumsnett.no/osteroymuseum/

Sellevåg Treskofabrikk

Stad: Gulen/Sellevåg
Tradisjonsrikt miljø for produksjon av tresko.Omvising etter avtale for einskildpersonar, grupper og lag.
Kontaktperson: Magne Sellevåg, tlf. 57 78 36 59/909 82 235

Sunnhordland Museum

Me tek vare på minne og forteljingar frå Sunnhordland si fortid. Her får du møta miljø

og gjenstandar du mest hadde gløymt. Du kan også møta minne frå forhistorisk tid, klosterruinat frå mellomalderen, eller minne frå nyare kystkultur og industrisoge. Sunnhordland Museum er ein stad der minne og menneske møtest!

Adresse: Museumsbakken 5417 Stord
Telefon: 53 41 38 99
www.sunnhordland.museum.no

Vedholmen Galleri

Stad: Ved Lepsøy i Os
Opning Kystsogevekene i Os kommune lørdag 26. august kl 11.00.
Ny utstilling: Tone Henschein (N): Maleri, Marte Kartfjord (N) og Morten K. Madsen(DK), Kunsthåndverk og design i glas. Innslag med musikk m.m.

Opningstider: Laurdagar og søndagar kl. 12-16. Frå 26. august til 1. oktober + etter avtale. Tlf 56 30 93 95 Sjå info på www.vedholmen-galleri.com

Årbakka Handelstad

Stad: Tysnes/Årbakka
Kunstutstilling, lite kystmuseum, landhandel, urtehage og gravområde m/bautasteiner.
Handelsstaden er ope: 23.06 - 30.07, tysdag - søndag kl. 12 - 17. Måndag stengt.
Telefon: 53 43 51 41 Faks: 53 43 13 53 tysnes@kunstlagetnjardarlog.com
www.kunstlagetnjardarlog.com

Det geografiske området for Kystsogevekene er 20 kommunar frå Sveio i sør til Gulen i nord. Motivet i kommunevåpenet står for kommunen sin historiske eigenart og bakgrunn.

Gulen	
Masfjorden	
Fedje	
Lindås	
Radøy	
Meland	
Austrheim	
Osterøy	
Askøy	
Bergen	
Øygarden	
Fjell	
Sund	
Os	
Fitjar	
Austevoll	
Bømlo	
Stord	
Sveio	
Tysnes	



Leia:

Leia langs Vestkysten ligg i dag som for tusen år sidan, ei hovudferdselsåre frå sør mot nord; den første riksvegen. Opp gjennom hundreåra har Leia vore livsnerven i kystsamfunnet: Vikingskip på utferd mot vest, kongens skip på veg mot kongsgardane, handelskip og krigsskip, jakter og galeaser, jekter og færingar, fraktefartøy og fiskebåtar – her er mange aktørar og skiftande scener i fjordlandskapet:

(Sitat frå Kulturhistorisk Vegbok – Hordaland)

For meir informasjon og avtalar kontakt:

For meir informasjon og avtalar kontakt;
Stiftinga Kystsogevekene, Postboks 7900, 5020 BERGEN
Tlf 55 23 9173
E-post: kystsogevekene@post.hfk.no
www.kystsogevekene.no

 SparebankenVest
- satser på Vestlandet



GRIEG FOUNDATION